

Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

Møte i Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

Stad: [Norsk villreinsenter Nord](#), Hjerkinhusvegen 33, 2661 Hjerkin,

Dato: Måndag 4. juli, 2022

Påmelding:

Kommune	Medlemmar	Møtt	Varamedlemmar	Møtt
Dovre	Frode Faksvåg	Ja	Inger Marie Aalbu	
Lesja	Liv Enstad	Nei	Einar Utgaard	Ja
Lom	Jon Sjugard	Ja	Sigrun Garmo	
Luster	Eli Merete Hansen Moen	Ja	Arne Hauge	
Fjord	John Helge Larsen	Ja	Monika Tettli	
Rauma	Ingunn Svelle Heinåli	Ja	Arne Hoem	
Skjåk	Randi Rust	Nei	Thorstein Åmodt	Nei
Stranda	Steinar Aanning	Nei	Torill Ansnes	Nei
Stryn	Johan Berge	Ja	Karoline Hatledal	
Vågå	Pål Grev	Nei	Karola Wenzel	Nei
Sekretær	Tor Taraldsrud	Ja		

Program:

Måndag 4. juli

11:30	Oppmøte ved Norsk villreinsenter Nord. Lunch frå Frich's Hjerkinhus
12:15	Fagtema: Frå sårbarhetsvurdering til gjennomførte tilretteleggingstiltak i Hjerkinhusrådet v/Norsk villreinsenter, ca 45 min Tur til viewpoint Snøhetta med naturvegleiar, ca 2 timar Møte i nemna (tre saker, tid ca 30 min til kvar sak)
17:00	Middag frå Frich's Hjerkinhus
18:00	Avslutning

Ta med gode sko og klede for å vera ute.

Vi får servert supe med brød og smør til lunch og dampet laks til middag. Send meg melding om evt allergiar.

Vedlegg:

1. Brev frå advokat Seth om fordeling av jaktrettar for valdet Nedre Rødal
2. Svar frå Jan Erik Dale om fordeling av jaktrettar for valdet Nedre Rødal
3. Søknader om middel til villreintiltak

Har fått melding om at Seth ville kome med eit skriv til iht Nedre Rødal – dette blir evt ettersendt.

Innhald

15. Godkjenning og innkalling av sakliste	2
16. Tvist om rettighetstilhøva i vald nr 6; Nedre Rødal.....	2
17. Tildeling av middel til villreintiltak	6
18. Presentasjon av villreinnemnda i alle kommunar innan villreinområdet.....	7
19. Neste møte i nemnda	8
20. Eventuelt.....	8

Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

2

Sakliste:

15. Godkjenning og innkalling av sakliste

Innstilling: Ingen merknader til innkalling og sakliste

16. Tvist om rettighetstilhøva i vald nr 6; Nedre Rødal

Villreinnemnda har motteke brev (vedlagt) frå advokat Ingvar Seth som representerar ein av grunneigarane i vald nr 6: DNT Sunnmøre. Dei skriv at det er tvist om rettighetstilhøve og fordeling av fellingsrettar på villrein i valdet Nedre Rødal. På den bakgrunn ber dei om at jakta blir stengt omgåande og at det ikkje blir sendt ut nye jaktkort før rettighetstilhøva er avklart. Saka om rettigheit og tomtetilhøve skal opp i jordskifteretten i løpet av hausten. Advokaten til DNT Sunnmøre skriv at det kan vera aktuelt å legge problemstillinga om jakt inn som ein del av saka for jordskifteretten.

Villreinnemnda fekk melding på e-post frå Jan Erik Dale den 19.08.15 om at han hadde teke over som valdansvarleg representant for valdet Nedre Rødal og kommunikasjon mellom villreinnemnda og valdet har sidan denne datoen vore sendt til Dale.

I kommentarutgåva til hjorteviltforskrifta er det skrive fylgjande om valdansvarleg representant (§ 24):

Valdansvarlig representant

Valdansvarlig representant skal være jaktrettshavernes kontaktperson overfor myndighetene i saker som angår valdet, eksempelvis utsending av fellingstillatelse, rapportering av fellingsresultat og andre pålegg fra forvaltningsmyndighetene. Valdansvarlig representant er ikke ansvarlig overfor myndighetene med hensyn til selve jaktutøvelsen. Den enkelte jeger er formelt ansvarlig for egne handlinger.

Utsending av villreinkort har sidan 2016 vore sendt til Jan Erik Dale.

Nedre Rødal har fått desse tildelingane:

År	Kvote totalt	Fritt dyr	Bukk <50kg	Si./B<40kg	Kalv
2016	5	1	0	2	2
2017	5	1	0	2	2
2018	7	2	0	2	3
2019	5	1	0	2	2
2020	4	1	0	1	2
2021	5	1	0	2	2
2022	5	1	0	2	2

Ikkje delt ut enno

Twist om rettighetsforholdene er grunn for å nekte godkjenning eller trekke tilbake en godkjenning. Dersom rettighetsforhold som har betydning for godkjenningen av valdet er uklare, kan villreinnemnda til enhver tid på året trekke godkjenningen av hele eller deler av valdet ved et enkeltvedtak, og samtidig be om at det fremmes ny søknad. Dette skal gjøres av hensyn til enkeltgrunneieres rettssikkerhet. Et slikt krav må ha en klar saklig begrunnelse. Dette kan gjelde grensetvister, tvister om jaktrettigheter i sameie og lignende. Avklaring på slike rettighetsforhold må gjøres av partene selv eller av rettsvesenet. Jordskifteretten kan i en bruksordning for jakta fastslå hvem som har rettigheter i området og størrelsen på den enkeltes andel.

Dale har i e-post til villreinnemnda 24.06.22 gjort greie for sitt syn på rettighetstilhøva om jakt i vald nr. 6 (vedlagt).

Avklaring på rettighetstilhøva må bli gjort av partane sjølv eller av rettsvesenet. Dette er noko villreinnemnda ikkje kan ta stilling til. Det er ikkje framsett spørsmål ved grensene til valdet i denne saka og samla tildeling av fellingsløyve til valdet er ikkje omtvista.

Villreinnemnda har heimel til å kunne trekke tilbake godkjenninga av villreinvaldet til ein kvar tid, jf § 26 i hjorteviltforskrifta. Villreinnemnda vil gjennom eit eventuelt vedtak om å trekke godkjenninga av valdet tilbake stoppe jakta for valdet komande haust. Dei fem fellingsløyva for i haust vil i så fall ikkje bli delt ut.

Normalt blir kvote i villreinområdet fastsett i slutten av april. Det er uheldig om det etter dette blir endingar i godkjente vald som gjer at ein ikkje får delt ut fellingsløyva. Av den grunn er det mellom anna satt ulike tidsfristar for melding om endringar i valdet eller utmelding av eigedomar frå eit vald, jf § 26:

Jaktrettshaver som ønsker å trekke seg ut av et godkjent eller omsøkt vald, skal melde dette skriftlig til valdansvarlig representant med kopi til villreinnemnda senest 1. mars. Utmelding krever underskrift fra den eller de som lovlig representerer eiendommen.

Dersom valdets grenser, eiendomsforhold eller tellende areal endres, skal valdansvarlig representant melde endringene skriftlig til villreinnemnda innen 1. april for ny godkjenning.

Evt negativ effekt på bestandstilhøva vil vera større om godkjenning blir trekt tilbake frå eit stort vald, men prinsippa for handsaming bør vera lik uavhengig av storleiken på valda.

Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

4

Ut i frå tilsendte brev frå både Seth og Dale går det fram at det ikkje har skjedd endringar i løpet av den siste tida (siste året). Det bør derfor vera tid til å jobbe med rettighetstilhøva frå perioden etter jakta i år og fram mot våren til neste år slik at ein har forutsigbare ramer før kvotetildeling for neste år. Nemnda ynskjer oppdatering på om ein har kome fram til ein ny avtale i løpet av neste vinter og vil eventuelt gjere ei ny vurdering av valdet før kvotetildeling for 2023.

Det bør vera relativt høg terskel for å trekke godkjenninga av eit vald tilbake. Usemje mellom jaktrettshaverane er ikkje uvanleg i mange vald, men situasjonen skal vera ganske fastlåst før ein trekker godkjenninga av eit vald tilbake.

- Innstilling:** Avklaring på rettighetstilhøva må bli gjort av partane sjølv eller av rettsvesenet. Det er ikkje framsett spørsmål ved grensene til valdet i denne saka og samla tildeling av fellingsløyve til valdet er ikkje omtvista. Nemnda registrerer at det er tvist om jaktrettar og meiner at det bør vera tid til å jobbe med rettighetstilhøva frå perioden etter jakta i år og fram mot våren til neste år slik at ein har forutsigbare ramer før kvotetildeling for neste år. Normalt blir kvote i villreinområdet fastsett i slutten av april. Det er uheldig om det etter dette blir endingar i godkjente vald som gjer at ein ikkje får delt ut fellingsløyva. Evt negativ effekt på bestandstilhøva vil vera større om godkjenning blir trekt tilbake frå eit stort vald, men prinsippa for handsaming bør vera lik uavhenigig av storleiken på valda. Nemnda ynskjer oppdatering på om ein har kome fram til ein ny avtale i løpet av neste vinter og vil eventuelt gjere ei ny vurdering av valdet før kvotetildeling for 2023.
- Heimel:** Hjorteviltforskrifta § 26.
- Behandling:** Forslag frå Eli Hansen Moen om at vi ber om protokoll / møtebok frå alle vald som syner kven som har rolla som valdansvarleg representant. Samrøystes.
- Vedtak:** Avklaring på rettighetstilhøva må bli gjort av partane sjølv eller av rettsvesenet. Det er ikkje framsett spørsmål ved grensene til valdet i denne saka og samla tildeling av fellingsløyve til valdet er ikkje omtvista. Nemnda registrerer at det er tvist om jaktrettar og meiner at det bør vera tid til å jobbe med rettighetstilhøva frå perioden etter jakta i år og fram mot våren til neste år slik at ein har forutsigbare ramer før kvotetildeling for neste år. Normalt blir kvote i villreinområdet fastsett i slutten av april. Det er uheldig om det etter dette blir endingar i godkjente vald som gjer at ein ikkje får delt ut fellingsløyva. Evt negativ effekt på bestandstilhøva vil vera større om godkjenning blir trekt tilbake frå eit stort vald, men prinsippa for handsaming bør vera lik uavhenigig av storleiken på valda.

Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

5

Nemnda ber om dokumentasjon frå valdet om dei har kome fram til ei ny avtale om rettighetstilhøva innan 1. mars 2023. Vi ber samtidig om dokumentasjon på kven som skal fungere som valdansvarleg representant, innan same dato.

Dersom nemnda ikkje har motteke dokumentasjonen innan fristen, vil nemnda vurdere å trekke godkjenninga av valdet tilbake før kvotetildeling for 2023.

Heimel: Hjorteviltforskrifta § 26.

17. Tildeling av middel til villreintiltak

Villreinnemnda har kr 229.950,- til utdeling i 2022

Villreinnemnda lyser ut middel til villreintiltak med søknadsfrist 15.06.22.

Tilskot til villreintiltak er innbetalte fellingsavgifter for villreinjakt som blir ført tilbake til det einskilde villreinområde. Middel kan bli brukt til tiltak som:

1. Styrker forvaltninga av villreinstamma.
2. Styrker kunnskapen om villreinen sin arealbruk i både nåtid og fortid.
3. Fremmar befolkninga sin forståing og kunnskap om villreinen sin bruk av fjellområda. Søknad skal innehalde målsetting og beskriving av tiltaket, budsjett (kostnadar og finansiering) og tidsramme for gjennomføring, namn og kontonummer til søker.

Send søknaden til:

Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

Moavegen 30

2690 Skjåk

tor.taraldsrud@skjaak.kommune.no

Det har kome inn tre søknader – sjå under:

1. Villreinutvalet – søknad om tilskot til villreinutvalet sine forvaltningsoppgåver. Søknadsbeløp kr 715.000,-
2. Dombås skole – formidling av kunnskap om villrein til skuleelevar – kr 17.000,
3. Tarandus AS – kartlegging av eit massefangstanlegg i Lom kommune – kr 35.000,-

Vurdering

Villreinutvalet står for mykje av den praktiske forvaltninga gjennom året. Deira innsats er avgjerande for å ha ei god forvaltning av villreinstamma. Dei bør derfor få brorparten av tilskotsmidla. Det har i tillegg vore arbeidd mykje med kvalitetsnormen for villrein det siste året noko som har ført med seg ein del ekstra oppgåver for villreinutvalet.

Det er positivt at Dombås skole er flinke til å formidle kunnskap om villrein til sine skuleelevar. Dette er eit bra prosjekt som ein ynskjer å støtte. Samstundes er det avgrensa med middel og potensielt mange skuleelevar som gjerne skulle fått formidla kunnskap om villrein.

Tarandus AS har eit interessant prosjekt iht villreinrelaterte kulturminne i Lom kommune. Tarandus AS har vore støtta av villreinnemnda tidlegare. Villreinrelaterte kulturminne er viktig for å syne korleis villrein har brukt arealet tidlegare. Ein del tidlegare villreinareal har fått redusert kvalitet (ulike påverknader). Med tanke på å ta vare på villrein for framtida er det derfor viktig å ha kunnskap om villreinareal som kan bli nytta av villrein. Kunnskap om villrein si innvandringshistorie er viktig for å forstå korleis villrein kan utnytte arealet i dag og i framtida. Området ligg i dag innanfor konsesjonsområdet til Lom tamreinlag og blir brukt som vinterbeiteområde av tamrein. Villrein brukar normalt området vår, sommar og haust. Det er kjent mange villreinrelaterte kulturminne i dette området frå tidlegare.

I følgje § 7 i Naturmangfaldslova skal søknaden vurderast etter dei miljørettslege prinsipp som går fram av Naturmangfaldlova § 8–12:

§ 8 - kunnskapsgrunnlaget: Aktiviteten til villreinutvalet er avgjerande for ei god forvaltning av villreinstammen. Aktiviteten blir dokumentert gjennom årlege rapportar.

Kunnskapsformidling er avgjerande for å få folk til å ta vare på villreinen sine leveområder.

Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

7

§ 9 - føre-var prinsippet: Kunnskapsgrunnlaget er bra, føre-var prinsippet er ikkje relevant.

§ 10 - samla belastning for økosystemet: Positivt for økosystemet med kunnskapsformidling om og god forvaltning av villrein.

§ 11 – kostnader ved miljøskade: Blir vurdert som lite relevant når det gjeld denne søknaden.

§ 12 - miljøforsvarlege teknikkar, driftsmetodar og lokalisering: Aktiviteten til søkerane blir vurdert som miljøforsvarleg.

Søknadene ligg vedlagt.

Innstilling:

1. Kr xxx i tilskotsmiddel for 2022 blir overført til villreinutvalet for Reinheimen-Breheimen, konto nr: 2085.64.27448.
2. Kr xxx i tilskotsmiddel for 2022 blir overført til Dombås skole, Smiuvegen 4, 2660 Dombås, konto nr: 2065.07.00008.
3. Kr xxx i tilskotsmiddel for 2022 blir overført til Tarandus AS, Heimhovda 8, 2660 Dombås, konto nr: 2085.26.35593.

Handsaming:

Ynskjer betre finansieringsplan frå Dovre skule der det framgår om dei eventuelt får støtte frå andre. Samstundes blir dei utfordra til å utarbeide ein enkel rapport med bilete som kan bli brukt kommersielt i t.d. årboka "Villreinen".

Villreinutvalet blir høgt prioritert dette året på grunn av ekstra arbeid med kvalitetsnormen for villrein.

Ikkje nok middel til å prioritere Tarandus dette året.

Samrøystes

Vedtak:

1. Kr 224.950,- i tilskotsmiddel for 2022 blir overført til villreinutvalet for Reinheimen-Breheimen, konto nr: 2085.64.27448.
2. Kr 5.000,- i tilskotsmiddel for 2022 blir overført til Dovre barneskole, Smiuvegen 4, 2660 Dombås, konto nr: 2065.07.00008.
3. Kr 0,- i tilskotsmiddel for 2022 blir overført til Tarandus AS, Heimhovda 8, 2660 Dombås, konto nr: 2085.26.35593.

18. Presentasjon av villreinnemnda i alle kommunar innan villreinområdet

Vi har tidlegare prata om at vi burde ha ein presentasjon av villreinnemnda i alle kommunar innan villreinområdet. Ein moglegheit er at representantane i nemnda presenterar nemnda i si eiga kommune t.d. i samband med eit kommunestyremøte. For å gjere det effektivt kunne nemnda utarbeida ein felles presentasjon som alle medlemmane kunne bruke. Kanskje villreinsenteret kunne bidra med å lage ein slik presentasjon?

Innstilling: Utarbeide ein presentasjon av villreinnemnda med bistand frå Norsk villreinsenter.

Vedtak: Utarbeide ein presentasjon av villreinnemnda med bistand frå Norsk villreinsenter. Dei vil ta eit initiativ mot Miljødirektoratet og kan bidra i

Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

8

arbeidet. Nemnda tenkjer å arbeide med dette fram mot neste nemndsperiode.

19. Neste møte i nemnda

Bjorli 16-17 september eller evt 23.-24. september. Endeleg val av dato i samråd med nemnda i Snøhetta og Knutshø.


Vedtak: Endeleg val av dato i samråd med nemnda i Snøhetta og Knutshø.

20. Eventuelt

-Vurdere korleis nemnda skal vera presentert i sosiale media. I dag har vi ei lukka facebookgruppe (ope for medlemmar av nemnda). Det er forespørslar frå andre om å få tilgang til denne sida. Burde vi ha ei open side der vi presenterer aktuelle saker? Representert på andre plattformer?

Vedtak: Tek att denne saka seinare.

Johan Berge
Leiar


Tor Taraldsrud
Sekretær